

## FØRESEGNER

### REGULERINGSPLAN FOR STEIN/MASSEUTTAK PÅ KAPSTAD I BYGSTAD

Føresegner dagsett: 14.02.10

Føresegner revidert 30.06.10

Plankart dagsett: 29.01.10

## 2 FELLES FØRESEGNER

### 2.1 Universell utforming

Byggeområde, anleggsområde, trafikkområde og uterom generelt, skal utformast med tilfredsstillande tilkomst.

### 2.2 Estetisk kvalitet

Bygg, anlegg og uteområde skal tilfredsstillende rimelege omsyn til estetisk god uttrykk både i seg sjølv og i forhold til omgjevnadane. Tiltak skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og med respekt for naturgjevne og bygde omgjevnader. Skjemmande fargar skal ikkje tillatast og kan verte kravd endra.

Byggverk og offentlege uterom skal i den grad er mogleg og praktisk, ha arkitektonisk kvalitet. I dette ligg det at det skal vere kvalitet både teknisk, funksjonelt og visuelt. Med byggverk vert det i tillegg til bygg og meint tekniske anlegg som t.d. vegar, gangveggar og kaiar.

### Bygg og anlegg (pbl § 12.5 nr.1)

- SI/S2/S3 - Steinbrøt og masseuttak
- N/K/1 – Næring/kontor/industri

### Samferdslelegg og teknisk infrastruktur (pbl §12.5 nr.2)

- Køyreveg - privat

### Grønstruktur (pbl §12.5 nr.3)

- Vegetasjons skjerm

### Landbruk-, natur- og friluftsføremål samt reinsdrift (pbl §12.5 nr. 5)

- Landbruks- natur- og friluftsområder

Situasjonsplanen skal vise eksisterande og ny vegetasjon, terreng, trafikkareal, opphaldsareal og parkeringsløyising. Situasjonsplanet skal vere bindande og utfarbeidast seinast i samband med søknad om byggeøyve.

Ved byggjemelding skal det dokumenterast at byggjeprosjektet ligg innanfor støvgrensar gjeve i den til ein kvar tid gjeldande retningslinje for støy.

### 3 BYGG OG ANLEGG

#### 3.1 Steinbrøt og masseuttak – SI/SZ/S3

Drifta skal følgje ein etappeindelt driftsplan godkjend av Bergvesenet. Driftsplanen skal til ei kvar tid vere godkjend av Bergvesenet og skal ajourførast kvart 5. år eller etter nærare avtale med Bergvesenet. Driftsplanen må seinast vere utarbeidd og godkjent av Bergvesenet, 6 månader frå vedtaksdato av denne detaljreguleringsplan med føresegnar.

Lågaste kote (planum) i uttaket skal vera 85 meter. Uttaksområdet skal til ei kvar tid vera forsvarleg sikra.

#### 3.2 Næring/kontor/industri –N/K/I

Innanfor område N/K/I kan det oppførast bygningsmasse for funksjonar som har direkte tilknytning til drifta av masseuttaket, t.d. naudsynt bygg for kontorfasilitetar, toalett/bad, garderobe, verkstad/ servicebygg og eventuelt lager.

Bygg, anlegg og verksemdar skal utformast med sikte på å sikre gode arkitektoniske løysingar og ta naudsynt omsyn til eksisterande miljø.

Før sakknad om byggjeløyve kan handsamast, skal det utarbeidast teikningar og perspektiv som viser korleis nybygg eller ombygd bygg tilpassar seg området. Det skal utarbeidast eit bindande situasjonsplan for området, jamfør kapittel

2.2. Situasjonsplanen skal vise plassering av bygningar, tilkomst og parkeringsareal.

Byggjegransar er vist på plankartet. Der byggjegransar ikkje er vist, gjeld reglane i Pbl§70. Utnytingsgrad for området er 80%. Maks gesimshøgde er sett til 9,5 meter.

### 4 SAMFERDSLEANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

#### 4.1 Køyreveg - privat

Privat veg frå Fylkesveg og fram til masseuttak. Generell bygggrense er 15 meter frå veggmidte langs fylkesveg. Avkøyrsle skal utførast i samsvar med

vegnormalane. Det skal vere 115 meter sikt i begge retningar med siktunkt 4 meter inn i avkøyrsle.

#### 5 GRØNTSTRUKTUR

Området er avsett til vegetasjonsskjerm og skal skjerm steinbrøtet mot innsyn. Det er ikkje tilteie med inngrep i dette 10-metersbeltet.

### 6 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL

Område er avsett som LNF-område i tråd med gjeldande kommuneplan.

### 7 KULTURMINNE

Dersom det i samband med tiltak i marka vert oppdaga automatisk freda kulturminne som tidlegare ikkje er kjend, skal arbeidet stansast i den utstreking det berører kulturminna eller sikringssonene deira på fem meter. Det er viktig at dei som utfører arbeidet i marka ligg er gjort kjend med denne føresegna. Melding om funn skal straks sendast Sogn og Fjordane fylkeskommune, Kulturavdelinga, j.fr. lov om kulturminner § 8, andre ledd.

### 8 SLOKKJEVATN

krav til etablering av tilstrekkeleg sløkkjevasskapasitet, før etablering av større tiltak i området.